

# Postmodernisme

Sjåføren var ikkje heilt Sto  
på Klo, men gav seg til å  
Eyje og Kumle,  
heilt til landjorda Kvarv,  
og etter Fall utfor Bryggja  
hamna bilen i Fjæra  
berre så Fyllan fauk -  
dermed fekk vogna den Store Krækkja  
og gjekk alldeles opp i Limingen,  
men føraren kom ikkje til Paradis,  
takk vere bilbeltet slapp han  
med Hol i Haus  
og var berre litt Bleik då han kom  
heim til Tufsingdalen.

Velkommen med Bulken  
til Brekstad biloppretters -  
snu på Flisa  
og bli Loppa!

Er De ein Herre  
som har Surna?  
gje ikkje opp Håpet -  
kjøp Luktvatn  
og få Napp, De òg!

Gi Røyken i fornuften – Tro heller  
på det som står i Nå!

Jfr Bøfjerding -91 s. 14.